

# Øy Nytt

## Kyrkjeblad for Øygarden

I dette nummeret  
kan du m.a. lesa:

- Ny ordning for gravferd ... s 2
- Påskeandakt..... s 3
- Reisebrev frå Tel Aviv ..... s 4
- Da Vinci-koden ..... s 5
- Den store sisterna  
i gravhagen .....s12

Foto: ONT





# NY ORDNING FOR GRAVFERD

Vi har no i hovudsak tatt i bruk Ny ordning for gravferd. Det ser ut til at folk set pris på henne, og slik vi nyttar ordninga har ho nok meir bibelsk fylde og er tettare på både sorga og det kristne håpet enn den gamle.

Vi vil her minne om nokre av Kyrkja sine føresetnader rundt ei gravferd i kyrkja.

Gravferd er ei handling med gudstenestleg karakter. Når ein person som høyrer inn under Den norske kyrkja døy, må dei pårørande snarast råd ta kontakt med presten eller kyrkjekontoret, og gjere avtale om tid for gravferda, gjerne før ein tek kontakt med gravferdsbyrå. Gravferd skal til vanleg haldast innan 8 dagar etter dødsfallet. Tidspunkt vert fastsett av kyrkjeverja i samråd med pårørande og dei kyrkjeleg tilsette.

## Sorgsamtale

Gravferd vert førebudd ved at presten har ei sorgsamtale med dei næraste pårørande. Dei einskilde delane, så som pynting og symbolbruk, må førebuast med tanke på at gravferd er ei kyrkjeleg handling med gudstenesteleg karakter. Ein bør syne måtehald med bruk av lys, kransar, blomar og liknande. Presten ser til at gravferdsbyrå eller andre som har oppgåver i samband med gravferda, utfører desse såleis at gravferda kan gjennomførast på ein god og verdig måte i samsvar med den kyrkjelege tradisjonen og gjeldande liturgi.

## Song-, salme- og musikkval

Salmar og songar skal føreåt godkjennast av den presten som har tenesta. Normalt kan ein nytte utvalet i dei kyrkjelege salmebøkene og Sangboken. Det er vanleg, men ikkje nødvendig, at songane blir trykte på eit eige ark. Presten skal også godkjenne uttrykksformer for sær sars heider til den avlidne og andre tiltak som folk ynskjer i tillegg til sjølve gravferdsliturgien. Det same gjeld opptak av bilete, film eller lyd.

All musikk som skal framførast, må godkjennast av kantor på førehand. Vi ønskjer at det vert nytta "levande"/akustisk musikk i kyrkja.

## Andre praktiske ordningar

Det må ikkje haldast tale ved ei eventuell kranspålegging utan at pårørande som syter for gravferda, har gjeve samtykke til det.

Ei minnegåve kan takast opp i våpenhuset eller ved utgangen på veg til grava.

Jordpåkastinga skal ein ha ved grava. Som reint unntak kan presten avgjere at jordpåkastinga skal vere i kyrkja når ytre tilhøve eller tungtvegande personlege grunnar krev det. Det trengst til vanleg 6 personar til å bere båra, og 4 personar til å senke båra ned i grava.

I den første søndagsgudstenesta etter gravferda vil kyrkjelyden minnast den/dei som er gravlagd(e) i samband med kunngjeringane.

Treng de som pårørande hjelp til noko, står vi som er tilsette i kyrkja til disposisjon. Ikkje nøl med å ta kontakt dersom de trur vi kan vera til hjelp.

Eit ord frå den Heilage Apostel til sist som vi no les i kvar gravferd:

**"Død, kvar er din brodd? Død, kvar er din siger?..Men Gud vere takk, som gjev oss siger ved vår Herre Jesus Kristus!"(1.Kor.15,55-57)**

sokneprest@kyrkja.net



## Den norske kyrkja i Øygarden

### ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgjevar:	Blomvåg og Hjelme kyrkjelydar
Redaktør	Odd N. Thormodsæter
Kontingent	kr 100,- pr. år innan kommunen kr 150,- pr. år utanom kommunen
Takkeannonsar	kr 100,-
Kontonr.	3628 07 02557
Layout/trykk	Grafisk Team AS
Distribusjon	Hurtiglevering, Tjeldstø tlf. 98 66 53 29

### Kyrkjekontoret:

Vitjingsadresse	Helse- og tenesteseneteret, Rong
Postadresse	Boks 144, 5331 Rong
Telefon	56 38 22 40
Faks	56 38 22 41
Vakttelefon	56 38 22 44
E-postadresse	<a href="mailto:kontor@kyrkja.net">kontor@kyrkja.net</a>
Kontortid	måndag – fredag 0900 – 1500

### Tilsette:

Kontorsekretær	Kari Sandøy Rong
e-post:	<a href="mailto:kontor@kyrkja.net">kontor@kyrkja.net</a> tlf. 56 38 22 40

Kyrkjelydspedagog	Synnøve Sandøy Voldsund
e-post:	<a href="mailto:kyrkjelydspedagog@kyrkja.net">kyrkjelydspedagog@kyrkja.net</a> tlf. 56 38 22 47

Kantor	Anne Lise Grøm
e-post:	<a href="mailto:kantor@kyrkja.net">kantor@kyrkja.net</a> tlf. 56 38 80 30

Kyrkjelydsprest (permisjon)	Lars Arne Vik
-----------------------------	---------------

Sokneprest	Svenn Martinsen
e-post:	<a href="mailto:sokneprest@kyrkja.net">sokneprest@kyrkja.net</a> tlf. 56 38 22 44

Kyrkjeverje	Odd N. Thormodsæter
e-post:	<a href="mailto:kyrkjeverje@kyrkja.net">kyrkjeverje@kyrkja.net</a> tlf. 56 38 22 43

### Kyrkjene:

Blomvåg kyrkje	tlf. 56 38 70 22
e-post:	<a href="mailto:blomvag.kyrkje@kyrkja.net">blomvag.kyrkje@kyrkja.net</a>
Kyrkjetenar/gravar	Kåre Kristoffersen Mobil 97 72 72 21
Klokkar	Ole Vik

Hjelme kyrkje	tlf. 56 38 80 30
e-post:	<a href="mailto:hjelme.kyrkje@kyrkja.net">hjelme.kyrkje@kyrkja.net</a>
Kyrkjetenar/gravar	Kari B. Solheimsliid Mobil 9772 74 57
Klokkar	Ingebjørg Sæle

### Råda:

Blomvåg sokneråd:	Leiar: Kjellaug Solsvik
Hjelme sokneråd:	Leiar: Frank Skjold
Øygarden kyrkjelege fellelråd:	Leiar: Gustav Landro

**Frist for stoff til  
nr. 2/05 er 12. april  
og nr. 3/05 24. mai**



# Truverdig bodskap

Av Rolf Kjøde, generalsekretær i Normisjon



«Viss min Jesus stod opp igjen, har han prova at han er Guds son!», skriv Arnold Børud. Naturlegvis har han rett. Dersom nokon har brote dødens makt – for godt, har vi neppe noko anna val enn å tru og følgje når han spør etter oss.

For dei første vitna var det likevel ikkje opplagt kva som hadde skjedd. Ikkje i første omgang. Etterkvart fekk dei møte den oppstadne Jesus såpass mange gonger at det gjekk opp for dei at dette var reelt. Jesus levde verkeleg! Når dette blei klart for dei, fekk det konsekvensar som til slutt også førte evangeliet til Noreg. Så sterkt er det «å kjenne han og krafta av hans oppstode», som Paulus skriv om.

Men i byrjinga var det ikkje slik. Noko av det mest påfallande i Det nye testamentet er kor pinleg nøkternt det framstiller si viktigaste historiske hending. Markus avsluttar nærmast med ein tankestrek når han skriv. Og her hos Johannes får vi høyre at disiplane var forvirra og forundra. Ikkje så rart, kanskje. Vi går ikkje og ventar på liv på kyrkjegarden.

Når Gud først reiste Son sin frå grava, kunne det ha skjedd med litt meir glamour. Eit lysshow og ein maktdemonstrasjon for alle som hadde svike han på langfredag, ville gjere susen. Så kunne tilhengjarane hans stå tilbake som vinnarar. Myter og legender ber slike preg.

I staden får vi ei forteljing om

fortvilte etterføljarar som undrar seg. Der fjellet kunne ha rivna i ein guddommeleg demonstrasjon, høyrer vi roleg om gravklede som ligg på



Johannes 20,1-10

*Tidleg om morgonen fyrste dagen i veka, medan det endå var mørkt, kom Maria Magdalena til grava. Då fekk ho sjå at steinen var teken bort frå grava. Ho sprang av stad og kom til Simon Peter og den andre læresveinen, han som Jesus hadde kjær, og sa til dei: «Dei har teke Herren ut or grava, og vi veit ikkje kvar dei har lagt han.» Då tok dei ut, både Peter og den andre læresveinen, og gav seg på veg til grava. Dei sprang saman, men den andre læresveinen sprang snøggare enn Peter og kom fyrst til grava. Han bøygde seg inn og såg linkleda liggja der, men han gjekk ikkje inn i grava. Simon Peter fylgde etter, og han gjekk inn. Han såg linkleda som låg der, og kledet som Jesus hadde hatt over hovudet. Det låg ikkje saman med linkleda, men ihoprulla på ein stad for seg. Då gjekk den andre læresveinen òg inn, han som var komen fyrst til grava. Og han såg og trudde. For endå hadde dei ikkje skjona det Skrifta seier, at han skulle stå opp frå dei døde. Så gjekk læresveinane heim.*

plass. Han som kunne gjere historia fullkomen med sitt prangande nærvær, er skjult, jamvel nokre gongar når han oppsøker sine næraste. Dei som for alt folket kunne vere triumferande heltar på sigerslaget, ruslar uforståande heim.

Og eg tenkjer at det er godt det skjedde slik. Det er meir troverdig med menneske som strevar med å forstå, enn med nokre som let seg rive med i ei brå oppleving. Eg finn meir overtiding når nokon gjennom ordinær tvil og kamp finn det svaret dei ikkje kjem utanom, enn om dei berre formidla ei pompøs oppleving. Det blir kraft av møtet med den ein stadig ikkje kjem utanom.

Fakta er vanskelege å vri seg unna. Truverdig og nøktern og utan å vere overspent fortel evangeliet at grava var tom. Det kunne ha mange årsaker. Jesus viste seg for menneske som etterkvart gjekk frå tvil til overtiding. Det er eit faktum med færre forklaringar. Og desse som kom til tru, sette i gang verdshistorias største trusprosjekt: Å gjere bodskapen om Jesus kjent. Dette var dei som førstevitne viljuge til å døy for. Kan det vere at berekrafta i bodskapen deira – heilt til i dag – heng saman med sanninga i bodskapen? «Viss min Jesus stod opp igjen, kan vi stole på at det han har sagt, er sant!» Slik blir påska sin glade bodskap ei utfordring for deg.

Ill.: Anders Færevåg KPK



## MIN SALME

Min fineste salme har alltid vært *Navnet Jesus*, og den gir gode minner helt fra barndommen, da vi var på besøk hos bestemor og bestefar. Der hadde vi gode sangstunder, hvor vi bl.a. sang *Navnet Jesus*. Da var det en egen, god fred som fylte stuen, og den freden og velsignelsen føler jeg nå, når den synges. Innholdet er så godt, og det er så godt å vite at navnet Jesus alltid vil leve, samme hva som skjer og hva vi føler inni oss. Vi møter så mye på vår veg i livet, og ofte ting som ikke er så kjekt. Da er det godt at *Navnet Jesus*, både i ord og toner lever evig.

Jeg utfordrer Klara Blomvågnes til å skrive om *Min salme* i neste Øynytt.

*Navnet Jesus blekner aldri, tæres ei av tidens tann.  
Navnet Jesus, det er evig, ingen det utslette kan.  
Det har bud til unge, gamle, skyter stadig friske skudd.  
Det har evnen til å samle alle sjeler inn til Gud.*

### Omkved:

*Navnet Jesus må jeg elske, det har satt min sjel i brann.  
Ved det navnet fant jeg frelse, intet annet frelse kan.*


*Jesu navn! Hvor skjønt det klinger, la det runge over jord!  
Intet annet verden bringer håp og trøst som dette ord.  
For det navn må hatet vike, for det navn må ondskap fly.  
Ved det navn skal rettferds rike skyte friske skudd på ny.*

*Midt i nattens mørke blinker som et fyrlys Jesu navn,  
og hver hjelpløs seiler vinker inn til frelsens trygge havn.  
Og når solen mer ei skinner, Jesu navn, det lyser enn.  
Da den frelste skare synger høyt dets pris i himmelen!*

# Reisebrev frå Israel

Dette er fyrste gongen eg er i Israel så eg visste ikkje heilt kva eg gjekk til. Einaste likskapen med Strilalandet eg kan tenka meg, er at det er ope hav på eine sida av landet. Eg bur på kyrkjelydshuset til Immanuelkyrkja, som vert driven av Den Norske Israelsmisjonen. Vi har 2 gudstenester i veka; ei på engelsk og ei på hebraisk og engelsk. Forutan våre eigne kyrkjelydar, vert kyrkja og kyrkjelydshuset brukt av kyrkjelydar frå 8 land og eit par andre organisasjonar som driv anna arbeid i landet.

Dei to kyrkjelydane DNI driv har ein del Messianske jødar, men og ein del utlendingar, som meg sjølv. Arbeidet mitt er å gjera litt av kvart. Eg trur tittelen altmoglegmann sjeldan har passa betre. Eg står for kyrkjekaféen, ser til at ting ser



greit ut ute og inne, litt vedlikehald av huset og diverse småting som dukkar opp i kvardagen. Dei to kyrkjelydane DNI driv har mest eldre medlemmar (ikkje eit vondt ord om eldre), så vi freistar å skapa eit miljø for yngre menneske også. For mange Israelarar er Immanuelkyrkja nokså spesiell.

Dei færreste har sett ei gamal kyrkje frå innsida, og endå færre har sett eller høyrte eit kyrkjeorgel. Det vekker nysjerrigheten hjå folk flest, noko som fører til at folk kjem til kyrkja. Anten det er på ein av dei månadlege konsertane eller på omvisning. Kyrkja treng ikkje gå til folket. Nesten dagleg kjem det grupper på besøk. Etter omvisning kan dei få med seg eit gratis nytestamente, noko som kan vera vanskeleg å oppdriva. Særleg i ein by utan Heilage stader. Elles må det seiast at Israel er eit fascinerande land med eit interessant folk og eit interessant nyheitsbilete. For min eigen del trur eg dette biletet kan endrast noko dersom evangeliet får slå rot og bløma.

Helsing Andreas Morland

## BARNAS.NET

### Vil gi barna Jesus på nettet



*barnas.net* er et kristent nettsted for barn i alderen 7-14 år. Nettstedet har som målsetning å vinne barna for Jesus og støtte barna i deres kristne liv.

- Vi ønsker at hovedsiden vår skal skape interesse og nysgjerrighet. Vi ønsker ikke å fremstå som et kristent nettsted ved første blick. Hvis vi har for tydelig profil, vil folk bla raskt videre uten å utforske nærmere. Vi ønsker en bred appell. De som går videre inn, finner ut hva vi ønsker å fortelle, sier ansvarlig redaktør Odd Kjetil Sæbø.

### Dataspill viktig

Mai 2003 startet *barnas.net* opp, etter en toårig fase med prosjektutvikling og planlegging. I starten var det Søndagsskoleforbundet, etter samtale med Gospelsearch som

kunne lansere ideen for ulike organisasjoner. Til sammen seks organisasjoner står i dag bak prosjektet.

### Formidler verdier

*barnas.net* legger vekt på at sidene skal være fri for reklame. De synes det er viktig at sidene er trygge og ikke har lenker til videre sider, som ikke er beregnet for barn. Likevel er *barnas.net* en del av Internett og kan aldri sperre de mulighetene barna kan ha for å velge de sidene de ønsker å gå inn på. Sæbø understreker derfor viktigheten av at foreldre veileder barna i trygg og sikker Internettbruk.

- Foreldre må våge å delta, gjøre seg kjent med Internett og veilede. Dette er en stor mangel, tror redaktør Odd Kjetil Sæbø.

Internettadresse: [www.barnas.net](http://www.barnas.net)



## NLM

**MISJONSHELG**  
**VIK BEDEHUS 8-10. april**  
**v/OSVALD HINDENES**  
**Møte fredag 19.30 laurdag**  
**17.00 og søndag 11.00 og**  
**16.00**

**Få med ferske opplevingar**  
**frå misjonsmarkene**  
**Mykje god song og musikk.**  
**Vel møtt!**

## Øynytt-rosa

I dette nummeret av Øynytt ynskjer me å dele ut Øynytt-rosa til **Oline Torsvik**. Ho har vore med å drive **Barnelaget Blink** i 40 år. Me ynskjer å takke henne hjarteleg for innsatsen i alle desse åra for borna i Blomvågen!



Foto: ONT

## KORTNYTT FRÅ RÅDA

Sokneråda ser det som viktig å oppretthalda ordninga med team frå NLM og barnearbeidar frå Indremisjonen også for neste skuleår. Tilbakemeldingane er svært positive til det arbeidet som vert utført. Kostnadene er om lag dei same som å ha ein barne- og ungdomsarbeidar i full stilling. Det er fellestrådet som tek endeleg avgjerd om dette i neste møte, 16. mars.

Kyrkjelydsprest Lars Arne Vik har no sagt opp stillinga si, etter å ha hatt permisjon frå januar 2004. Fellestrådet vil i neste møte drøfta kva stilling ein framover vil nytta desse midlane til.

Sokneråda har gjort vedtak om at den tradisjonelle fasteinnsamlinga ikkje vert gjennomført dette året. I staden har vi distribuert fastebøsser til alle husstandar. Vi oppfordrar alle til å levera desse inn anten i kyrkjene eller på kyrkjekontoret.

Begge sokneråda og fellestrådet har gått aktivt inn for å støtta Øygarden gospel sitt CD-prosjekt. Dei trengde ein minimumsgaranti på 45.000 for å kunna gå vidare med planane. Saman med næringslivet ser dette no ut til å vera sikra.

## Tenn lys- konsert i Blomvåg kyrkje søn. 2. jan. 05

Nyttårsafta samla deg seg nokre eldsjeler, som gjerne skulle gjort noko for dei katastroferamma i Asia. Og jammen fekk dei gjort noko. Dei kasta seg rundt, heiv seg på telefonar og ornda først med lån av Blomvåg kyrkje, før dei fekk med seg ulike aktørar til å opptre. To dagar etter var konserten "Tenn Lys" eit faktum. Kyrkja blei fort full, der galleriet måtte brukast for å gje plass til alle. Det blei ein stemningsfull og sterk konsert. Stig Guntveit hadde ein sterk apell for organisasjonen Leger Uten Grenser, der også kollekten gjekk uavkorta til. Til saman kom det inn ca kr. 30.000,-. Det var flotte opptredenar med song, musikk og diktlesning. Under konserten var det mulighet til å tenne lys for dei ramma. Mange nytta også dette høvet. Me frå kyrkja vil takke initiativtakarane, Thomas Oen, Hedda Risløw, Cato Risløw og Linda Oen for initiativet.

### Her er svaret på kubekrysset frå nr.6 05:

A: ISRAEL	G: IDE – ESS
B: STORK – SS	H: NORDLYS
C: MARIA – SY	I: ISMASKIN
D: AL – EKKEL	J: STALL – DO
E: SLÅ – KAKE	K: ROR – ÅKER
F: K – KKK – L	L: ARIE – K – D

Vinnar vart **Oline Torsvik**. Ho kan kome til kyrkjekontoret og velja seg ut ein CD frå mini-bokhandelen.-

## Da Vinci-koden, tøv og pinleg plagiat

Professor i kyrkjhistorie ved Menighetsfakultetet, Oskar Skarsaune, trur ikkje på påstandane i bestseljaren *Da Vinci-koden*.

– Det er mange grunnar til at eg ikkje trur på dei. Det er no blitt tydeleg for alle at Dan Brown, som skreiv boka, har henta alle påstandane sine frå ei anna bok, nemleg *Hellig blod, hellig gral*, seier Skarsaune til bladet Utsyn.

### – Resirkulert

Bazar Forlag har nyleg gjeve ut sistnemte bok. Skarsaune meiner forlaget har innsett at dei kunne tene endå meir pengar på konseptet ved også å gi ut Dan Brown si kjelde, *Hellig blod, hellig gral*. – På denne måten avslører dei *Da Vinci-koden* som eit pinleg plagiat, meiner Skarsaune.

*Hellig blod, hellig gral* vart første gong gjeven ut for 20 år sidan. Bazar lanserer no den norske utgåva som "den mest skakande avsløringa dei siste 2000 åra".

– Det er jo eit paradoks at så få hugsar denne skakande avsløringa 20 år seinare, då Dan Brown resirkulerte dei i si bok. Såleis blir spørsmålet om kor haldbare dei historiske påstandane i *Da Vinci-koden* er, eigentleg eit spørsmål om kor haldbare påstandane i *Hellig blod, hellig gral* er, seier Skarsaune.

### Ikkje seriøst forskning

– Det er ikkje merkeleg. Boka bryt med alle godkjende reglar for seriøs forskning, og det gjer ho medvite og systematisk. Ho føretrekkjer konsekvent upålitelege kjelder framfor pålitelege kjelder frå det første hundreåret, forklarar Skarsaune.

Det blir påstått i boka at Jesus fekk barn med Maria Magdalena, at han overlevde krossfestinga og levde ei god stund etterpå.

Religionsvitar Asbjørn Dyrendal ved Norges teknisk-naturvitenskapelige Universitet seier til Norea Mediemisjon at *Da Vinci-koden* er oppspinn frå ende til annan. Tøv, kallar han innhaldet.

Utsyn/KPK.

## Eldretreff

### Blomvåg:

Tednebakkanen kl.16.00  
Torsdag **17.mars**  
Torsdag **21.april**  
Torsdag **26.mai**  
TUR i juni

### Hjelme:

Hjelme kyrkje kl.16.45  
Onsdag **16.mars**  
Onsdag **20.april**  
Onsdag **25.mai**  
Onsdag **15.juni - TUR**

## Kransar på gravene

Kransane kjem til å bli fjerna til påske. Dersom pårørende ønskjer å ta vare på desse, må dei hentast før denne tid.



# Hei alle sammen!

*I januar og februar har det vore tid for leirar på Kvamskogen. Her får de høyre litt frå tre av dei:*

## Øygarden Gospel-helg

21.-23.jan. reiste koret på sin årlige sosiale tur til Kvamskogen. Sol, ut i snøen, masse kos, god mat, sang og samlingar sto på programmet. Fyren stoppa å brenne to gonger, så inntil Vegard og Konrad fekk fyr i ovnen att, tok me dynene ned i peisestova og visste råd å få varmen i oss. Med denne positive gjengen er ingenting eit problem! Gler oss allerede til neste år!!!

## Konfirmantweekend 05

11-13. februar var helga. Ein buss fullasta med 33 kjekke, energifulle og trivelege øygardskonfirmantar svinga seg innover dei smale veiane, siste stykke før leirplassen Sætervika blei inntatt. Bussen blei galant geleida av vår trufaste bussjåfør, Konrad Blom.

Helga hadde mykje på programmet. Alt frå vekking med boomblander der Lion King runga gjennom den søvnige gangen (ikkje like godt mottatt frå alle hold), til tur i Eikedalen der både varmestova og trekket blei flittig nytta – til og med snøscooteren blei tatt i bruk av den ”heldigaste”, som også fekk seg ein tur på legevakten i slutten av leiren (heldigvis med ikkje alt for gale utfallJ) Lørdagskvelden hadde dei heimeverande frå trekket snikra i saman ein morokveld med litt av kvart; både adjektivforteljing, manndomsprøve, Idol og slåande vitsar...

Begge kveldane var det kveldsmøte med song og andakt. Her fekk me høyre om at det er berre ved trua på Jesus og hans død og oppstode at ein blir frelst, ikkje nokon gjerningar kan utrette det same. Kvelden etter fekk me høyre meir om livet som kristen, at Gud kallar oss til å leve eit liv for han, i hans kjærleik. Søvnige gjekk konfirmantane til sengs om kvelden, men det tok ikkje lange tida før mange kvikna til live att og dørene gløtta opp ei etter ei, for å sjekke om det var mulig å snike seg usett forbi nattevaktene...Litt rangling må til.

Alt i alt var det ein strålende leir fylt med mykje av både alvor og moro.



*Aina, Sarah og Christine*



*Får du varmen i deg Alette?*



*Gøy i snøen!*



*Gutta i trekket*

*Ein blid konfirmant*



## KRIK-leir

Andre helgen i januar var det klart for ski-weekend med Krik-Øygarden på Wallemtunet. I alt var det 17 deltakere inkludert ledere og Konrad Blom som vanlig stilte opp som bussjåfør. Dette ble en innholdsrik leir med mange høydepunkter! Lørdagen var det til tross for ufyselig vær duket for ski i Eikedalen. Sluddbygene som blåste sidelengs ble imidlertid ikke noe stopper for den barske krik-gjengen. Det var likevel godt å komme tilbake til en oppvarmet (og røykfullt) leirplass på ettermiddagen. På lørdagskvelden hadde vi ”Sing-Star” karaoke – konkurranse før vi avsluttet med en møtedel med sang og andakt. Weekenden på Kvamskogen ble en begivenhetsrik leir med mye moro

# Hei!

Takk for sist til deg som var på 1.-2.klasse- og 5.klasseleiren. Begge leirane var på Skjergardsheimen no i slutten av januar og byrjinga av februar. Veret i Øygarden viste seg slett ikkje frå si beste side, den bitande vinden merka me godt når me vågde oss utandørs for å ha sporleik og friluftsliv.

På 1.- 2.klasseleiren var alle like heldige i sporleiken. Alle fekk premie, til og med to av leiarane. For mange var det første gong dei var på leir, og det var godt å ha med ein vaksen dei kjente godt. Denne forma for leir freista til gjentakning sjølv om vi ikkje var så mange.

Leirfesten er alltid eit høgdepunkt på leir. Godt å le litt skikkeleg, og kosa seg med nye og gamle venner.

5.klassingane fekk Bibelen i kyrkja i haust. No skulle dei læra Bibelen betre å kjenna. Janne Kari Gjerde, barnesekretær i Nordhordland Indremisjon, lærte oss mykje frå og om Bibelen. Den elles så aktive leirgjengen var heilt stille når Janne Kari fortalte til oss. Leirsongen vår fortel mykje om det vi lærte:

*Bibelen er en gammel bok. Leser du den så blir du klok.  
Mennesket trenger mer enn mat, mer enn brød og melk og salat.*

*Bibelen er mat for meg. Bibelen er mat for deg.  
Gud vil be oss hjem til seg. Bibelen den viser vei.*

## BARNEBIBELER ER PÅ VEI....

*På kontoret mitt står det bøker og anna utdelingsmateriell i kassevis. Mange skal få barnebibel på søndagsskulen denne våren. Her kjem datoane for dei ulike arrangementa:*

**13.mars:** Familiesamling på Vik bedehus kl.16.00  
v/ søndagsskulen. Barnebibel til 5-åringane.

**13.mars:** Søndagsskule Oen bedehus kl.11.00.  
Barnebibel til 5-åringane.

**10.april:** Familiesøndagsskule på Rong kl.12.00.  
Barnebibel til 5-åringane.

Oversikt over utdelinga i kyrkjene finn du i gudstenestelista.



## BARN OG MISJON

Mange barn i dei ulike bygdene i Øygarden er med i eit barnelag. No skal to av desse barnelaga ha basar, og det er flott om du som bur i nærleiken stiller opp og støtter barna, leiarane deira og misjonen på desse basarane.

Barnelaget Blink har basar  
11.mars kl.18.00 i Blom bedehus.  
Synnøve Voldsund har andakt.

Jenteforeninga på Vik har basar  
12.mars kl.15.00 i Vik bedehus.  
Kari Skår har andakt.

## Velkommen til PÅSKEMÅLTID med middag onsdag 16. mars kl 19.00

Stad: Kantina på Helse- og tenestesenteret

Krinssekretær Odd Bjarne Skogestad frå Israelsmisjonen vil leia måltidet.

Dette blir eit påskemåltid etter gamal jødisk tradisjon.  
Prisen er sett til 100 kr. Kollekt til Israelsmisjonen.

Du kan skriva namnet ditt her og senda påmeldinga til  
Kyrkjekontoret, Postboks 144, 5331 RONG,  
eller ringja kyrkjekontoret på telefon 56 38 22 40  
Eg melder meg på til PÅSKEMÅLTIDET onsdag 16. mars

Namn \_\_\_\_\_



Catering - Snitter/koldtbord + Varm mat



Telefon 56 38 74 54 Rong Senter, Boks 13, 5331 Rong

## Bli brun selv om det regner

Ønsker du å leie sol hjem?

Ring B-P-S Solutleie. Vi kan tilby 12--rørs solhimmel eller 20-rørs solseeng med god kvalitet fritt levert Sotra og Øygarden

Tlf 56 38 74 54 (dag), 56 38 73 22 (kveld) eller 91 85 62 58.

# BPS

Solutleie v/Arvid Rong  
56 38 74 54 / 56 38 73 22

Vår lærling nærmer seg fagprøve.  
Hun tar all behandling til redusert priser!  
Timebestilling 56 38 73 90

**ANITA**  
**KMS**  
**ALONGEN**

*God Påske*



**Gode resultater**

med formulations

**DECLÉOR**  
PARIS

**på OPPSTRAMMING  
OG SLANKING**

med Utratone  
og Ultradietten  
(Kveldsåpent e/avtale)

**ØYGARDEN HUD & KROPPSPLEIE**

Rong Senter • Tlf. 56 38 95 15

Norske 4 løk Påskeliljer i 12 cm potte.

**5 stk kun kr 139,-**



**Blomsterbua**  
Rong senter  
Telefon: 56 38 92 65  
Postboks 102, 5331 Rong

Me har og  
Vårlyng,  
Krocus,  
Muscvari  
og Tulipan



**SJEKK PUNKT**  
SILVERKØBET



Kaffeavtale  
2005



**BLOM**  
**SERVISESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

**Godkjent bilverksted**

Vi tilbyr ferdige middagsretter  
og nysteikte bakervarer

# TH HELLESØY

TLF.: 56 35 71 40 • 5331 RONG

# RONGEBUA

Stor jernvare- og interiøravdeling

20-40% på  
diverse  
fine varer

Vårens  
nyheter er  
begynt å  
komme

# KLEOPATRA

Gave & Interiør

Mand-fred 10-18  
Lørd 10-16

RONG SENTER

Tlf. 56 38 86 00  
Fax 56 38 85 99

**Øygarden**  
**elektriske as**  
aut. elektroinstallatør

Tlf. 56 38 94 24  
Mobil: 928 41 790

E-mail: post@oygarden-elektriske.no


**DALELITEN**  
5337 RONG  
TLF: 56 38 87 32  
FAX: 56 38 87 32  
MOBIL: 91 18 88 78

**TORSVIK MUR**  
**VIDAR VIK TORSVIK**  
MURMESTER

Alt i mur-, puss- og flisarbeid



**-fagkunnskap gir trygghet.**




# Harkestad Betong AS

Utsalg på Straume  
Tlf. 56 33 00 70

## Betong og betongprodukter

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01  
5336 TJELDSTØ



# Malvin Harkestad & Sønner AS

## Alt i grunn- og betongarbeid

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01  
5336 TJELDSTØ



# KVARDAGSLIV I STORBYEN



Godt nyttår til alle lesarar sjølv om året er over to månader gamalt. Her i hovudstaden i Kenya går tida sanneleg fort! Eg som trudde at i Afrika så *kom* tida, mens i Norge så *går* den! Den afrikanske storbyen ser ut til å vera påverka av den travle vesten.

Vi bur i alle fall ved ei travel rundkøyring her i Nairobi, her køyrer det bilar så å seie 24 timar i døgnet.

**I starten då vi budde her var det eit problem å få sove, det var jo aldri stilt! Men det problemet var løyst etter eit par veker. No søv vi godt.**

Dei fleste som køyrer her klarar rundkøyringa fint, men

av og til er det nokon som har litt for stor fart inn i rundkøyringa og då er det ikkje alltid det går like godt. Det er nok ein del metall som har vorte krølla i løpet av desse månadane vi har budd her.

Eg er i grunnen forundra over at det går godt i dei fleste tilfelle. Det gjorde det i dag også då ein liten buss for i grøfta rett utanfor huset vårt og låg på sida. Det var eit forferdeleg bråk, og eg skvatt her eg satt fredeleg i stova og nytte stillheten og ei bok. Heldigvis kunne alle i bussen krype ut utan særlege skader.

Lurer de på korleis det går med oss i denne trafikken? Vi kastar oss uti havet av bilar! Vi er heldige som får disponere ein god bil og når vi køyrer med fornuft, har det gått godt bra så langt. Vi kjenner nok på at vi treng Guds omsorg også i trafikken og han er trufast.


Vi får oppleve dagleg som det står i salme 139,5: "Du omgir meg på alle sider og held meg fast i di hand" (fritt sitert) Å få vere dagleg i Guds hand og kjenne at Han tek seg av oss er ein rikdom og ei glede som held gjennom ein travel kvardag både i trafikken og i klasserommet.

Takk for forbøn og omtanke

Helsing frå Øygardingane i Nairobi, David, Christopher, Turid og Janesh

## NY BOK - MINIBOKHANDELEN

Det er gitt ut utallige bøker som har sin historie henta frå Israel. Ei slik bok har eg nett fått i hende frå Sambåndet forlag, heilt fersk frå trykkeriet.



Det er Eldbjørg Terkelsen, kjend frå arbeidet i Bergen krins av Israelmisjonen, som er forfattar av boka.

Forfattaren har hatt mange turar til Israel, både som reiseleiar og importør av israelske varer. På desse turane har ho brukt fotoapparatet flittig. Det syner att i boka.

Boka er sett saman av bilete frå store deler av landet, med små enkle dikt og kommentarar som rammetekst.

For deg som er bibellesar og er glad i dette landet, er boka balsam for sjela.

Dette er også ei flott gavebok!

*Eldbjørg Terkelsen: Shalom fra Jerusalem. Perler og poesi fra Israel. Sambåndet forlag 2005. Kr 198.*  
Til sals på kyrkjekontoret.

## Kyrkjelydstur til Kenya

Vi inviterer til ein 12 dagars tur i september/oktober 2005.

### Misjonærbesøk, safari og badeferie

Det er no ledig 2 plassar.


Ta kontakt med kyrkjekontoret på telefon 5638 2240 for å få tilsendt program.

## ANBEFALINGER FRA MINIBOKHANDELEN

For vaksne har me fått inn ein CD frå Lina Sandells sangsskatt. Den heiter Blott en dag, inneheld 15 songar og vert framført av Hildegunn Saunes Botnen og Gunstein Draugedalen med kor og orkester. Pris: kr. 99,-



For ungdom vil me denne gongen anbefala ein dobbel lovsongs-Cd. Den inneheld 25 moderne lovsongar med diverse artistar, bl.a. Sonicflood, Matt Redman og Delirious? *I could sing of your love forever* er ein Cd du berre må ha! Pris: kr. 209,-



## BERGEN OG OMEGN BEGRAVELSEHJELP



K.H. Polden  
Tlf. 56 33 45 88

Tom Wilson  
Tlf. 55 18 50 80

Teatergt. 20, 5010 Bergen  
Tlf. 55 21 44 50

Mobil 917 51 700

- DØGNVAKT
- PARKERING
- BLOMSTER
- MONUMENTER



Vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger  
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv.

## Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet



Bergens  
Søndagsskolekrets

KRETSMØTE I BERGENS SØNDAGSSKOLEKRETS

Laurdag 12 MARS 2005 KL. 10.30.

FOLDNES KYRKJE KYRKJELYDSSALEN

Bibeltime ved Erling Ekroll

Forbønngudsteneste kl. 17.00 ved

Erling Ekroll og Svein Morland

Alle søndagsskolearbeidere i kretsen oppfordres til å møte

# Flåten & Sæle TRADING

Bjørkeved

Spon (strø) for  
kompostering

Og for fjøsdrift

Tørrhøy

Kunngjødsel for eng

Kalksaltpeter

Plantejord

Jordforbedring

Dekkbark

Prydbark

Plenkrutt

Gjødsel for

plen og bedd

Vi holder til på Hvalstasjonen i Blomvåg  
Ved større kjøp kan varene leveres fritt.  
Ta kontakt pr tlf. 56 38 93 05 eller kom innom  
Flåten 93 23 23 40 - Sæle 93 23 23 48



Invitasjon

# KULTURTREFF

På Tednebakkane omsorgssenter

Tysdag 5. april kl. 16.00



ØYGARDEN  
KOMMUNE  
PLEIE- OG OMSORG  
TEDNEBAKKANE  
OMSORGSSENTER

Eldrerådet, i samarbeid med omsorgssenteret, yngskjer deg over 60 år velkommen til  
KULTURTREFF på Tednebakkane omsorgssenter på Rong.

Dersom du vil/må ha følge, tar du dei med.

Me byr på eit variert kulturprogram:

Kåseri ved Harry Wiig-Andrsen

Musikk og song ved Linda Ekeland, Geir Barsnes og Terje Onstad

Kveldstankar ved Ragnhild Tangen

Det vert servert kaffi og litt å bita i. – Velkommen til ein koselig ettermiddag!

Helsing

Bjørge Alvheim

leiar Eldrerådet i Øygarden kommune

Ingunn Teigen

leiar Tednebakkane omsorgssenter

Annonsen sponsa av:

SparebankenVest  
- satser på Vestlandet



## GUDSTENESTER

- Sønd.13.03.05 Hjelme kyrkje** 11:00 Familiegudsteneste v/Ronny Heimli. Dåpsskulen deltek. Utdeling til 6-åringar. Song av Øygarden Barnekanteri og søndagsskulane. Offer til Bergen søndagsslulekrets.
- Sønd. 20.03.05 Blomvåg kyrkje** 11:00 Palmesøndag. Høgmesse v/Svenn Martinsen Nattverd. Dåp
- Sønd. 20.03.05 Blomvåg kyrkje 12:30** Familiemesse v/Svenn Martinsen. Band som spelar. Song av Vik søndagsskule. Nattverd
- Torsd. 24.03.05 Blomvåg kyrkje 19:00** Skjærtorsdag. Høgmesse v/Svenn Martinsen. Nattverd
- Fred. 25.03.05 Hjelme kyrkje 19:00** Langfredagsgudsteneste v/Svenn Martinsen
- Sønd.27.03.05 Hjelme kyrkje** 11:00 Påskedag. Høgmesse v/ Svenn Martinsen, Nattverd
- Mand.28.03.05 Blomvåg kyrkje 19:00** 2.påskedag. Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd.
- Sønd.03.04.05 Oen** 11:00 Årsmøte for Øygarden Indremisjon
- Sønd.10.04.05 Hjelme kyrkje 16:00** Familiegudsteneste v/Svenn Martinsen. Utdeling til 2,4 og 5 åringar.
- Sønd.17.04.05 Blomvåg kyrkje** 11:00 Familiegudsteneste v/Ronny Heimli.Utdeling til 2 og 4åringar. Song av Øygarden Barnekanteri
- Sønd. 24.04.05 Hjelme kyrkje** 11:00 Høgmesse v /Svenn Martinsen. Dåp. Nattverd
- Sønd. 01.05.05 Blomvåg kyrkje** 11:00 Høgmesse v/Svenn Martinsen. Nattverd
- Sønd.07.05.05 Blomvåg kyrkje 12:00** Konfirmasjonsgudsteneste v/ Svenn Martinsen
- Sønd. 08.05.05 Hjelme kyrkje 10:30** Konfirmasjonsgudsteneste v/ Svenn Martinsen
- Sønd. 08.05.05 Blomvåg kyrkje 12:30** Konfirmasjonsgudsteneste v/ Svenn Martinsen Song av Øygarden Gospel

## KYRKJELEGE HANDLINGAR

### Døpte Blomvåg:

Sondre Ottesen Stølsnes, Bergen  
Robin Toft Larssen, Torsvik  
Martine Mjelde Kristoffersen, Bergen  
Karine Lyngsgård Aune, Eide  
Augusta Aurora Harkestad, Oen  
Maxmilliam Andre Harkestad, Oen  
Asle Blom Watnedal, Blomvåg

### Døpte Hjelme:

Rene Hellesund Rossnes, Tjeldstø  
Lea Heggøy, Tjeldstø

### Vigde Blomvåg:

Marianne Toft og Haakon Larssen, Torsvik

### Døde Blomvåg:

Mathilde Larsen Dale, Blomvåg  
Anna Kårbø, Blomvåg  
Karin Nora Flåten, Blomvåg  
Ingolf Dale, Blomvåg

### Døde Hjelme:

Ragnhild Svellingen, Bergen  
Kirsten J. Hellesøy, Hellesøy  
Bjarne Hatten, Sture

## TIL LUKKE

### 70 år:

- 31.03. Otto Karl Rossnes, Rossnes  
10.04. Ingvard Iversen Djupevåg, Rossnes  
20.04. Jon Ingolf Skarveland, Toft  
28.04. Mons Herbjørn Hellesund, Hellesund

### 75 år:

- 3.04. Gerhard Rikard Andersen, Flåten

### 80 år:

- 16.03 Ole Andreas Dåvøy, Dåvøy  
25.03. Klara Førde Dale, Dale  
24.04. Marie Dale, Blomvånes  
27.04. Magnhild Dale, Dale

### 85 år:

- 02.04. Gerhard Alvheim, Alvheim  
23.04. Brita Olin Rong, Rong

### 90 år:

- 14.03 Betsy Marie Torsvik, Torsvik  
16.04. Jonas Bertin Toft, Toft

## TAKKEANNONSER

**Hjarteleg takk** for gåver, blomar, besøk og telefon-helsingar i anledning min 75 års dag.  
Helsing Henriette Odland

**Eg vil med dette takka** for blomsterhelsingar og gåver eg fekk til min 85 års dag.  
Helsing Margaret Oen

**Hjarteleg takk** for gåver, blomar og helsingar på min 75 års dag.  
Helsing Oline Sæle.

**Vår varmaste takk** for all støtte, blomar til heimane, telefonar og omtanke. Takk for blomane til båra til mi kjære kone og vår gode mamma og svigermor, **Anna Kårbø**. Ei spesiell takk til sokneprest Svenn Martinsen og Åsane begravelsesbyrå v/ Johannes Blom for god hjelp og støtte.  
Anders, Aud, Olav, Torhild og Sven.

## Hørselkontroll

Hørselkontroll er eit tilbod til eldre og uføre som ynskjer hørselmåling og/ eller utprøving av høyreapparat, eller som vil ha kontroll av det høyreapparatet som dei alt har. Ta kontakt med Øygarden kommune, Eleri Mai Oen Fossem, 56 38 23 54 mån - fre 0900-1400 for nærare informasjon.



## KAFFEKROKEN



# Den store sisterna og Jesu gravplass

*Det finst ei mengde naturlege vasskjelder i Israel. I eit land med lite nedbør og ein lang og turr sommar var ei nærliggjande kjelde eit spørsmål om liv eller død for både menneske og dyr i tidlegare tider.*

Av Anne Berit Fjermedal Gali, KPK

I Jerusalem er det bare éi slik kjelde, nemlig Gihonkjelda. Ettersom folketalet i byen vaks, måtte ein skaffe seg vatn på andre måtar. Ein laga vassisterne, ein hogg ut tunnelar i fjellet, og bygde akveduktar som leidde vatnet lange vegar.

Det finst hundrevis av små og store sisterner over heile landet.

## Samla regnvatn


Vatnet vart samla i regntida om vinteren. Opninga til sisterna måtte blokkerast for at ljuset ikkje skulle sleppe inn. Dette vart gjort for å hindre bakteriar i å vekse.

Bibelen fortel om at tomme sisterner i nokre tilfelle vart brukt som gøymestader, både for levande (1. Samuelsbok 13,6) og for døde menn (Jeremia 41,9).

I moderne tid gjekk sisterna ut av bruk då ein fann andre måtar å trygge vassforsyninga på. Men under Sjølvstendekrigen i 1948, vart innbyggjarane i Jerusalem utan vatn. Då vart gamle vassisterne reinsa og tekne i bruk att.

## Ei uvanleg stor sisterne

Det finst fleire store og kjende sisterner i Jerusalem. Også i Gravhagen (Gordons Golgata) finst det nokre. Den eine er svært stor, omtrent 20 meter lang og 12 meter brei, og kan romme over 900.000 liter vatn. Ho er faktisk den tredje største i Jerusalem. Det er verd å



*Den store vassisterna i Gravhagen er truleg frå førkristen tid og kan romme 900.000 liter vatn. KPK-foto trykt med løyve frå Gravhagen.*

merke seg at sisterna er hoggen ut av grunnfjellet.

Sisterna vart oppdaga på slutten av 1800-tallet. Den kjende tyske arkitekten Dr. Conrad Schick skriv:

”Denne merkelege sisterna fanst heilt sikkert allereie i førkristen tid”, skriv han, ”men eg har aldri før sett ei så stor sisterne. Taket er ikkje sjølve berget, men ein tunnel i form av ein spiss boge.” (Palestine Exploration Quaterly, 1889-90)

## Ein vingard

Berre nokre meter unna vart det i 1924 oppdaga ei stor og godt bevart vinpresse. Denne er ifølgje arkeologane utan tvil frå førkristen tid. Ho vitnar om at det må ha vore ein hage her, nemleg ein vingard, på Jesu tid. Storleiken på både vinpressa og sisterna tyder på at eigaren av denne vingarden må ha vore ein rik mann.

På denne bakgrunnen er det særleg interessant å lese kva Bibelen fortel om staden der Jesus vart krossfest og gravlagd. Jesus vart lagd i ei ny grav i ein

hage (Johannes 19, 41-42). Ifølgje dei andre evangelia var det den rike rådsheren Josef frå Arimatea som eigde Jesu grav. Han var altså eigar av ein hage i nærleiken av Golgata. Kan det ha vore vingarden med den store vassisterna, den som i dag er ein del av Gravhagen? KPK